

Nr 1-2023, årgang 59

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje




Nissedal kyrkje



Felle kapell

## PÅSKEBLADET



Teikna av Torbjørn Gautefald

---

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

---

Det er februar– med sola høgare på himmelen, med glitrande snø og trivelege takdrop – då me har ei lita samtale med Oddrun Rekvik. Oddrun fortel at ho fekk barne- og oppvekståra sine i Tomter i gamle Østfold fylke. I ungdomsåra drog ho til Kristiansand der ho utdanna seg til barnehagelærer, før det bar vidare til arbeid i Drammen i to år. I det andre året var ho barnehagestyrar, og administrative oppgåver blei det meir av då ho som nygift kom til Treungen saman med ektemannen Thor Oddvar i 1981.



**–Som nyttilsett i 1981 fekk du hovudoppgåva med å få i stand barnehagar på tre stader?**

– Ja, og då måtte vi finne lokalitetar som var ledige. I dei fyrste åra heldt Kyrkjebygda barnehage til i bedehuset, Treungen barnehage fekk rom i huset som då hadde namnet Furuly, og førskuleborna i Haugsjåsund fekk plass på skulen. Eg hadde arbeidet mitt i alle barnehagane, så då kalla eg meg av og til «reisande i barnehagar».

**– Seinare er det blitt mange administrative oppgåver?**

–Ja, etter fyrst å ha arbeidt i barnehagane, blei det arbeid med administrasjon på skulekontoret her i kommunen, 24 år interessante år, mellom anna med utbyggingar og med mange nye planar og oppgåver. Så fekk både Thor Oddvar og eg etter kvart tankar om at det kunne vere moro og få prøve oss litt i ein annan kommune. Det la seg til rettes med at vi fekk arbeid i Lyngdal. Her blei det for min del spennande oppgåver med administrasjon av barnehagedrifta i 13 år, og samarbeid og samvær med gilde folk både i arbeid og fritid.

**– Etter kvart har de kunna kjenne på litt rolegare rytme?**

– Ja, det gjer godt å kunne sleppe og gå strengt etter klokka. Vi har to gutar med familiar som ikkje bur så langt unna, og slik er vi så heldige å få vere besteforeldre til fem små, to her i bygda og tre på Sitje i Fyresdal. Det gjer godt å kunne kjenne på at vi kan ha tid i lag.

**– Så har du funne fram til ein song eller salme som du vil dele med oss?**

– Eg fekk nok nokså raskt tankar om at det måtte bli *Deg være ære*. Alt ifrå barneåra har det liksom blitt «min sang». I oppvekståra var eg med på møte på Tomter bedehus, og andre påskedag tona alltid *Deg være ære*. Som kjent er det ein sang som er knytt til påska der sorg går over til glede. Slik sett synest eg at

vi gjerne kan bruke han i fleire samanhengar, også i sorg og gravferd, der vi treng gode ord om glede og håp som rekk lenger enn død og grav.

TV

*Deg være ære, nr. 197 i Norsk Salmebok*

1. Deg være ære Herre, over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt!  
Lyset fyller haven, se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!

*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

2. Se, Herren lever, salige morgenstund!  
Mørkets makter bever, trygg er troens grunn!  
Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger,  
Kristus Herre er!

*Deg være ære.....*

3. Frykt ikke mere, evig er han med!  
Troens øye ser det, Han gir liv og fred!  
Kristi navn er ære, seier er hans vei.  
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg.

*Deg være ære.....*

Engelsk tekst: Edmond L. Budry, 1885  
Norsk tekst: Arne Fjelberg, 1947  
Melodi: Georg Friderich Händel,  
frå Händels oratorium *Judas Maccabeus*, 1746



Teikna av Sonja Helen Aarak-Saga



Teikna av Zofia Bialecka

---

## ANDAKT

---

Det var ikkje døden som fekk siste ordet, det var det Jesus som fekk.

Når nokon skal døy, legg vi nøye merke til dei siste orda som blir sagt. Det gjer vi og med Jesu siste ord. Når vi les alle evangelia, så blir det sju ord i alt som Jesus seier på krossen. Difor er det mogeleg på Langfredag å ha ei samling der ein les dei sju orda, saman med song og musikk.

Matteus og Markus nemner berre eit av orda, og det er :

«Eli, Eli, lemà sabaktani? Min Gud, min Gud kvifor har du forlate meg.»

Her er det mørket som kviler over krossen. Det er fråveret av Gud. Men så veit vi at Jesus blei ikkje heilt forlatt. Gud gjekk med heile vegen. Difor treng ikkje vi å frykte for det mørket. Jesus går med oss, og i dødsskuggens dal.

Lukas nemner tre andre ord, og det er:

«Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.»

«Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera med meg i paradís.»

Jesus ber for sine fiendar, Jesus bryr seg om den falne røvaren. Jesus høyrer det minste sukk som kjem frå oss. Det er ingen som Jesu kjærleik ikkje kan nå fram til.

«Far, i dine hender gjev eg mi ånd.»

Til slutt ber han, eller overgjev han seg sjølv i Guds hender. Det er difor vi har den bøna i gravferdsliturgien vår: «I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd. Du forløyser meg, Herre, du trufaste Gud. I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd. Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande. I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.»

På den måten kan vi overgje oss i Guds hender.

Johannes han var sjølv til stades med krossen, saman med Maria, Jesu mor. Difor har han med dei nære orda som dei to fekk:

«Kvinne, sjå, der er son din, - Det er mor di»

Jesu omsorg for Johannes og Maria, Jesu omsorg for oss, at vi skal ha ein stad, ein familie å høyre til i. Det er Guds familie, det er kyrkja og kyrkjelyden.

Dei to siste orda som Johannes tek med, er:




«Eg er tørst»

«Det er fullført»

Det som Gud hadde gitt som oppgåve til Jesus her på jorda, vart no fullført.»  
Han vart lydige til døden, ja, døden på krossen. Difor har òg Gud opphøgd han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn.» Filipparane 2,8-9.

Og Jesus hungrar og tørstar etter rettferd. Og ein dag skal rettferda sigre.

Knut Bjørn Skyttemyr  
sokneprest



Teikna av Marie Vrålstad Solberg



Teikna av Milia Lauvdal-Homme



Teikna av Stein Andre Skåli Vimme



Teikna av Mathias Vintereid Sletteng

---

## ME STAKK INNOM SOLVEIG LØITE

---

Ein februar dag har *Kyrkjelydsbladet* avtala å treffe Solveig Løite på Felle.

Solveig og ektemannen, Lars, fekk seg nytt hus i 1951. Etter kvart tok sonen Ole Petter og familien over huset, og frå 2008 har Solveig hatt ein grei plass i det nye tilbygget. I den koselege stoga tek Solveig imot med kaker på duka bord og slår kaffi i koppene med stødig hand. Solveig er òg av dei som både ser og høyrer godt. Så når samtala kjem på glid, er det ikkje å undrast at både smil og skøy fell fint saman med ettertanke og minne frå eit langt liv. Og kven skulle tru at Solveig rundar 100 år 28.februar? Ja, for dei som måtte vere i tvil, fortel i alle fall dåpsattest og folkeregister at slik er det.



### **Barndomsår på Eikeland**

*–Du voks opp ikkje så langt unna her du seinare fekk eigen heim?*

–Ja, eg fekk oppvekståra mine på småbruket Eikeland som ligg ein halv kilometer lenger austover frå huset her. Far min, Petter Moen, hadde vore forstandar i Treungen frikyrkje i nokre år, men då eg var to år, fekk han og mor mi, Severine Kristine, lyst til å prøve seg på noko heilt anna. I 1920-åra var det mykje tale om at det burde dyrkast meir jord her i landet. Folk kunne få nokså gode tilskot til å få lagt ny jord under plogen. Det passa godt for far min, som nå fekk pengar så han kunne få gutane sine i arbeid med nydyrking. Jau, eg trur foreldra mine ganske fort kom til å trivast som småbrukarar.

*–Og du var vel ikkje så stor jenta før du måtte hjelpe til med arbeid?*

–Nei, det er sant. Eg var yngst i ein syskenflokk på ni, men alt frå eg var lita jente heime, fekk eg arbeidsoppgåver. Kvar sommar frå eg var sju- åtte år, måtte eg ut å gjæte. Me hadde som regel to mjølkekyr og eit par kalvar. I skog og mark omkring Eikeland kunne eg gjæte heile dagen, men då kunne eg au få lov til å få buflokken heim eit par timar midt på dagen, før det bar ut att på ettermiddagen. Jau, eg trur dette gjorde at eg blei glad i naturen. Seinare i livet har eg måtta ut både i sol og regn og snø. Naturlegvis er det blitt mange gilde bærturar som au har vore viktig matauk, men alt frå eg var i barneåra, synest eg det har gjort så godt å kome ut både på skiturar og fotturar. Jau, når du spør, så kan eg minnst at me var fire - fem ungdomar som fór av stad til Havrefjell klokka 4 ein påskemorgon. Då var det skikken at me skulle kunne sjå sola danse.

Då Solveig voks opp var det langt færre hus og heimar i Fellegrenda, men butikk og skule hadde dei. I 1928 var Fellevegen frå Øy ferdig, noko som gjorde slutt på dei strevsame turane over Heimdalsheia. Då kom òg bilane for fullt til grenda, og Solveig kjem i hug den fyrste bilturen ho var med på. – Sveinung Haugstøyl hadde fått seg bil, og ein dag skulle eg få vere med på biltur. Eg kan hugse at eg måtte streve litt for å kome meg opp på det høge stigbrettet. Då me hadde kome til Haugsjåsund, køyrde me inn på ferja. Lita som eg var, sat eg og såg bare vatn omkring meg, og lura på om dette var ein bil som kunne gå på vatnet, fortel Solveig og ler.

På skulen fekk Solveig Andreas Tveit som lærar. Han hadde halde på i ein god mannsalder, og Solveig ser han føre seg der han kom på ski på den nokså lange vegen frå Bronåsen. I dei to siste folkeskuleåra hadde Magnhild Nordgaard-Tveit teke over etter Andreas. Slik fekk Solveig to gilde og greie lærarar. På skulen var det basarar og jolerefestar, og her hadde soknepresten gudsteneste i påska.

### **Minne frå konfirmasjon og tidlege ungdomsår**

– *Og så var det vel tid for å stå til konfirmasjon?*

– Ja, eg fekk konfirmasjonstida mi i Treungen frikyrkje. Eg tok toget att og fram frå Øy, så det gjekk greitt, det. Dei eg gjekk og las saman med, som me sa, var Inger Holskar, Ånund Myhre og Signe Gautefall. Jau, me hadde mykje som me måtte lese og lære, ja, heile Katekisma, eller Forklaringa som me gjerne sa. Men me hadde nå heldigvis lært mykje av dette på folkeskulen. Spente var me likevel, for me visste ikkje kva me ville bli høyrte i på konfirmasjonsdagen, så det galdt om å kunne alt.

I desse åra møttest folk gjerne på basarar. Her var det spennande trekningar, duft av kaffi og mat, av og til litt underhaldning og stor stemning. Folk flest hadde ikkje flust med pengar, men det kom inn gevinstar, og visst var det moro å kunne vere med på trekninga. I 1937 stelte Treungen frikyrkje til ein stor basar. Loddbøkene fór rundt mest over heile kommunen. Solveig kjem i hug at ho traska av stad med loddbøker på Felle og vidare til Haugstøyl, Goli og Onstad. Hovudgevinsten var ein fin, rosemåla kubbestol som stod utstilt i butikken til Jakob Tveit. – Eitt nummer kosta 25 øre, og det var alt eg hadde av pengar, men det var då gildt å kunne vere med på trekninga. Så ein dag var det trekning. Eg ville mest ikkje tru det då eg fekk greie på at det var eg som hadde vunne kubbestolen. Sjå her, seier Solveig og peikar mot stolen lenger inne i stoga, – der på baksida kan du lese årstalet når han er måla. Og på den hole innsida kan du lese namna på dei to karane frå Drangedal som laga og måla stolen. Og mellom meisterlege sveivar og kunstnarlege roser kjem årstalet 1936 fint fram i

ein litt mørkare farge. På innsida kan me lese at det var Olav Heia som har laga stolen og Jon Gjeldstad som har måla.

### **Frå krig til fred, med skuleår, arbeid og eigen heim**


Solveig minnest godt 9.april 1940 då tyske fly dukka fram på himmelen og fór over Felle.

Nede i enden av Haugstøykleiva, på andre sida av vegen, hadde tyskarane brakker og leir med russiske krigsfangar. Solveig hugsar då fangane kom marsjerande gjennom Felle når dei skulle ut på skogsarbeid. – Då var det ikkje så sjeldan at folk i grenda stod langs vegkanten og venta. Sjefen var nok ikkje av dei hardaste, for han såg mellom fingrane med at det blei gjort ein liten bytehandel med heimeavla tobakk og ting som fangane hadde laga, fortel Solveig.

For mange unge blei krigsåra ei tid der framtidsplanane blei sett på vent, men då krigen var slutt, kunne Solveig på nytt få kjenne på at ho budde i eit fritt land. Hausten 1946 fór ho av stad for å vere elev på Fredtun folkehøgskule ved Stavern. Etter eit gildt og lærerikt skuleår var ho heime att på Felle. Ikkje lenge etterpå fekk ho eit godt auga til Lars Løite, ein ung bygningsmann frå Gjerstad som hadde arbeid i Fellegrenda. Dei fann tonen og feira bryllaup i 1949. I to år leigde dei hus på Skåli, men snart la dei planar om å få sin eigen heim så fort som råd. – Foreldra mine sa at me kunne bare finne oss den tomta me ville ha på eigedomen Eikeland. Då tenkte eg at det måtte vere greitt at ungane ikkje fekk så lang skuleveg. Slik blei til at me bygde her, fortel Solveig frå huset der ho har fint utsyn mot vide skogar og nye hus og hytter heilt ut mot mot Skåli og Velausfjell.

*–Og på 1950-talet var det vel ikkje noko krav at heile huset skulle vere ferdig når ein flytte inn?*

–Nei, som så mange andre var me godt fornøgde når me i den fyrste tida kunne få bruke ein del av huset. Lars var ute på arbeid, på kraftutbygginga på Dynjanfoss, Berlifoss og Høgefoss og på Tromøybrua, men han var flink og snikra og gjorde ferdig nye rom i ledige stunder. Dei fyrste åra hadde me ikkje bil, så då var eg heime aleine heile veka, etter kvart med fire ungar, Anne Synnøve, Liv Eldbjørg, Ole Petter og Arvid. Etter at me fekk kjøpt oss bil i





1957, kunne Lars kome heim kvar kveld, så sant ikkje arbeidet var for langt unna.

Jau, det er klart at det kunne bli lange og strevsame dagar, seier Solveig og nippar til kaffikoppen før ho kjem fram med nye minne, minne om då ho bar vatn frå kjelda ovanfor huset, skura og gjorde reint og sette brøddeigar, før ho gjekk laus på store klesvaskar med vaskebrett. Då eldstejenta Anne Synnøve var med i bærskogen, fekk ho plass på ein stein slik at Solveig kunne få plukke på ei stund. Slitsamt var det, men òg så mykje å glede seg over når dei fekk nye hjelpemiddel som gjorde dagane lettare, som då dei kunne tappe vatn frå springen og høyre duren frå Vaskebjørn, den flunkande nye vaskemaskina.

### **Takksamt tilbakeblikk**

Solveig har minne på minne frå heimen som ho og Lars bygde saman, langt fleire enn dei me har plass til her. Men før me rundar av, må me få med at Solveig fekk seg førarkort i 1970, og i 11 år tok ho på seg skulekøytinga frå Onstad. Lars levde fram til 2001, og naturleg nok har Solveig kjent på tomrom og sagn, men samtidig er ho glad for alt som har lagt seg godt til rettes, ikkje minst at ho har kunna få bu heime. Rett som det er kjem store og små innom. Solveig gler seg over den gode utviklinga i grenda med mange nye hus og heimar.

Fram til det siste har Solveig rusla både ut på skogsvegar eller nedover vegen til samvær i Felle frikyrkje. Ho synest det gjer godt å kunne møte folk i grenda, bli med ut på pensjonistmøte eller å kunne møtast i Felle kapell både i glede og sorg.

Solveig har nok aldri hatt nokon sterk trong til å vere midtpunkt, men i familien har ho i alle år vore eit trygt feste for born, svigerborn og nye skot på stamma. Nå gler dei næraste til å samle seg i heimen for å feire fødselsdagen til den spreke og åndsfriske jubilanten, og aller mest for endå ein gong å kunne vere i lag og kjenne på den gode stemninga saman med ei kjær mor, svigermor, bestemor og oldemor.

TV

---

## TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2023

---

**NATTCAFE** på bedehuset i Treungen kl.  
20.00 – 00.00

Siste laurdag i månaden i mars og april  
Det blir servert pizza, og vi har mange ulike  
aktiviteter.

Samlingane er for ungdomsskulen og  
vidaregåande.

Velkomen!

**Kode B:** kode bibel; eit opplegg for 5 .  
klassinger som lærer om bibelen.

**Tårnagenthelg:** eit opplegg for 3 og 4.  
klasse der dei blir kjent med kyrkja.

**Lys vaken:** eit opplegg for 6. og 7. klasse  
der dei blir kjent i kyrkja rundt advent.

**ALDRI ALEINE** på bedehuset i Treungen  
kl.17.30 – 19.30. Målet med ALDRI  
ALEINE er å skape trygge rom der  
tenåringar kan kjenne med heile seg at dei  
har ein identitet som Guds barn.  
Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar,  
trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde.  
Samlingane er for 6. og 7. klasse.

### Program for søndagsskule og tårnagentar i Treungen Bedehus

Sundag 26. mars kl. 11.00

Sundag 30. april kl. 11.00

Sundag 21. mai kl. 11.00



### **LAURDAGSKVELD PÅ KYRKJEBYGDA BEDEHUS**

Velkomen til deg som går i 7.-10. klasse og  
kjem frå Kyrkjebygda/Nordbygda  
Laurdag kl. 19-22.

15. april

6. mai

Vere saman, spel og leik. Mat. Ta med eige  
snacks. Bibelord og undring.



Teikna av Jessica Felle-Berntsen

### Tur til Lonevassberget på Heimdalsheia saman med Normisjon og Frikyrkja

Sundag 4. juni

Vi samlast på heia etter gudstenesta (ca kl.  
12.00). Tak med mat og noko å sitte på.  
Gratis brus til alle og is til borna. For dei  
som har lyst på ein liten rusletur på gamle  
stier etter samlinga på heia, så går vi  
Uvdalsvegen/rotvegen frå Lonene til  
Svalastog.

### Fjone bedehus

Damenes kvar fyrste  
torsdag i mnd. kl. 19.00

Barnarb. Sjå FB-sida

### Fjone kvardagsgruppe

28. mars kl. 17.00

11. april kl. 17.00

25. april kl. 17.00

BASAR 13. mai kl. 15.00

Åresal og lodd på bok, trekning kl. 17.00

### Program for søndagsskolen i Felle kapell

Måndag 20. mars kl. 17.00

Sundag 2. april familiegudstenste kl. 11.00

Måndag 22. mai kl. 17.00

### Program for søndagsskolen på Kyrkjebygda bedehus

26. mars kl. 11.00

16. april kl. 11.00

30. april kl. 11.00



### Nissedal Yngreslag våren 2023

Yngreskveldane er på Kyrkjebygda  
bedehus

30. mars – hobby, bollar og saft

13. april – spel, utlodning

27. april - BASAR KL 18.0



Teikna av Ida Lauvdal



Teikna av Hubert Jablonski




Teikna av Mikkel Solli



Teikna av Mateo Lauvdal -Homme





## GUDSTENESTELISTE MED OFRING VÅREN 2023

<b>April</b>				
2.	Kl. 11 Felle	palmesøndag, familiegudsteneste		Mali
	Kl. 18 Fjone		Kveldsmat	Mali
6.	Kl. 10 Haugsjåsund	Skjærtorsdag		Mali
	Kl. 18 Nissedal		Nattverd Kveldsmat på bedehuset	Mali
7.	Kl. 11 Treungen	Langfredag		Kyrkjelydsarbeidet
9.	Kl. 11 Nissedal	1.påskedag		Kyrkjelydsarbeidet
16.	Kl. 17.00	Felles diakonisamling på Dalen VT		
23.	Kl. 11 Nissedal	Diakoniens dag	Kyrkjekaffi	Mali
<b>Mai</b>				
1.	Kl. 11 Treungen	Solidaritetsgudsteneste		Frelsesarmeen
14.	Kl. 18 Nissedal		Årsmøte	Mali
17.	Kl. 10 Nissedal	Familiegudsteneste		Kirkens Nødhjelp
	Kl. 12 Felle	Familiegudsteneste		Kirkens Nødhjelp
	Kl. 14.30 Treungen	Familiegudsteneste		Kirkens Nødhjelp
28.	Kl. 11 Treungen	Pinsedagen	Nattverd	
<b>Juni</b>				
4.	Kl. 11 Treungen	Familiegudsteneste		
18.	Kl. 11 Nissedal		Nattverd Grilling i prestegarden etter messa	Kyrkjelydsarbeidet
	Kl. 18 Treungen		Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet

Trenng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:  
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

Dei som trenng ferje til gudsteneste i Nissedal, kan kontakte ferja på førehand.

---

# TREUNGEN FRIKYRKJE VÅREN 2023

---

Vi oppmodar til å fylgje med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) då det kan kome endringar i programmet.

## APRIL

- 02. 11.00 Palmesundag.  
Familiegudsteneste
- 06. 18.00 Skjærtorsdagsgudsteneste  
Nattverd og fellesskapsmåltid
- 09. 11.00 Høgtidsgudsteneste
- 11. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 17. 17.30 Speidaraktivitet
- 18. 19.00 Kvinneforening
- 19. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 21-22 Speidertur avreise kl. 17.00
- 23. 11.00 Familiegudsteneste
- 24. 17.30 Avslutning Friklubb og  
Lollipop
- 30. 19.00 Husgrupper

## MAI

- 02. 19.00 Kvinneforening
- 03. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 07 17.00 Gudsteneste. Sundagssk.  
Agent
- 09. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 14. 19.00 Husgrupper
- 21. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- 30. 19.00 Kvinneforening. Avslutning
- 31. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

### Felle frikyrkje våren 2023

Sundag 26. mars kl. 11.00: Møte med tale av Jens Bergsland  
Sundag 21. mai kl. 11.00: Møte med tale av Ketil Karlsen

## JUNI

- 04 19.00 Husgrupper
- 06 18.00 Dugnad og fellesskap
- 09.-11. Tweensleir på Fjelltun
- 11 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- 13 18.00 Kyrkjelydsmøte
- 14. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 16.-18. Barneleir på Fjelltun
- 23. 18.00 St. Hans feiring.
- 25. 11.00 Utegudsteneste.

## Juli

- 09. 11.00 Gudsteneste. Nattverd

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre så ta kontakt med: Lena Haugsjå: 90685202**


**Treungen frikyrkje sin gåvekonto  
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

Kyrkjebygda misjonslag vil markere 100 års-jubileum fredag 5.mai.  
Set av ettermiddagen/kvelden!  
Meir info kjem.

## TREUNGEN NORMISJON VÅREN 2023

April	Torsdag	13.	kl. 19.00	
				Dugnad/felleskap.
	Torsdag	20.	kl. 19.00	Møte,
				Oddvar Svalastog.
	Onsdag	26.	kl. 19.00	Møte i
				Haugsjåsund, Nikolai Valle.
	Torsdag	27.	kl. 19.00	Bøn og
				samtale.
Mai	Torsdag	04.	kl. 19.00	
				Dugnad/felleskap.
	Torsdag	11.	kl. 19.00	Møte,
				Terje Olafsen.
	Torsdag	18.	kl. 11.00	
				Kr.h.fartsdag, Arvid Hunemo.
	Torsdag	25.	kl. 19.00	Bøn og
				samtale.
Juni	Torsdag	01.	kl. 19.00	
				Dugnad/felleskap..
	Sundag	04.	kl. 12.00	
				Tur, etter gudstenesta i kyrkja.
	Torsdag	15.	kl. 19.00	Møte.
	Fredag	23.	kl. 18.00	
				St.hans, arr. Frikyrkja.

Kvar torsdag i tida 06.juli til og med 03.aug. er det bøn og samtale kl.19.00 i bedehuset.



## MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS VÅREN 2023

**Skjærtorsdag 6. april kl. 10.00:**

Gudsteneste ved  
sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr og  
kantor Maria Skjæveland.  
Kollekt og enkel servering

**Onsdag 26. april kl. 19.00:** Møte med  
tale Nikolai Valle og song ved Arne  
Espeland.


Kollekt og enkel servering.

**Alle velkomne!**

---


### **Minnegåve i gravferda til Anne Maria Hunemo**

I gravferda til Anne Maria Hunemo 11.november 2022 var det høve til å gje ei gåve til to prosjekt som blir støtta av Haugsjåsund og Tjønnefoss misjonslag. Til saman kom det inn kr.13 950.00. Ein halvpart av summen går til Normisjons arbeid i Bangladesh, og ein halvpart til arbeidet i Den norske Israelmisjon. Familien Hunemo og Misjonslaget takkar hjarteleg for den fine gåva!



# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



NR 1.

2023

### Stolte av ny brannstasjon

Nissedal brann og redning har no flytta inn i nye - eller tilbake til gamle og modernisera - lokale på den tidlegare rutebilstasjonen til Telemark bilruter. Nye garderober med rein og skitten sone er bygde, og eit vedunder av ei vaskemaskin er installera for å tilfredsstill krava frå Arbeidstilsynet og sikre ein trygg arbeidsplass for brannfolka.

Brannmannskap blir stadig utsette for ein cocktail av gassar, og mange av desse viser seg å vere svært kreftframkallande. Forsking viser at det kan vere nok med éi eksponering for å utvikle kreft. Derfor er krava til arbeidsmiljø i deltidbrannvesen i dag dei same som for dei som jobbar fulltid.

Det var en gjeng med stolte og glade gutar som flytta inn i nye lokale i slutten av juli 2022. Ein brannstasjon er så mykje meir enn berre garderober og lagring av utstyr. Brannmannskap blir ofte utsette for store fysiske og psykiske påkjenningar ute på oppdrag, og då er viktig å ha gode og trivelege rammer for ein prat og evaluering.

Etter litt over fire års røynsle med brann og redning i Nissedal er konklusjonen klar: Brannmannskap er tøffe menneske med store hjarta, og aldri hadde eg klart å sjå føre meg alt ein skal drive med og oppleve!

Så «guttær» - eg er både stolt, audmjuk og takksam for å få vere sjef for ein slik herleg gjeng! De er fantastiske, og små lokalsamfunn skal vere glade for at de alltid er på vakt!

No ventar me berre på at våren kjem for fullt slik at Nissedal brann og redning endeleg kan invitere både store og små i Nissedal til open dag på den nye brannstasjonen!

Helsing

Kristin K. Vaa

Brannmeister i Nissedal brann og redning





# Nissedal Frivilligsentral



Vi kan se tilbake på 7 år sammen i Nissedal Frivilligsentral. Tida går fort i koselig lag. Og det har vært mye kos, aktiviteter, turer, omsorg og bekjenskaper på tvers i kommunen vår.

**Vi får til all aktiviteten fordi vi har gode frivillige som stiller opp- ingen over ingen ved siden.**

**Vi får til all aktiviteten fordi vi har lokalbefolkning som stiller opp og ønsker møteplasser.**

Under Coronapandemien var det litt annerledes, men nå føler vi at vi er godt i gang med forutsigbare møteplasser og aktiviteter.

- **Vi trenger alltid frivillige så ikke nøl med å ta kontakt om du vil være sammen med oss noen timer 😊**

Under følger de faste aktivitetene våre som vi gjør gjennom sentralen, noen av de gjør vi i samarbeid med kommune, lag og foreninger- samarbeid er gull.

Vi tilbyr henting og bringing tirsdager og torsdager så langt vi har ressurser til det, så ta kontakt om du ønsker å komme på noen av våre aktiviteter.

Mandag	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>SPIT &amp; PREK kl 11.00</b> - håndarbeidstreffet for alle. Ta med håndarbeidet og kos deg i koselig lag, eller lag noe for sentralen. Her er det både inspirasjon og hjelp å få 😊 Vafler og kaffe.</li><li>• <b>Ungdomsbasen-</b> annenhver mandag fra 18.30-20.30 på sentralen.</li></ul>
Tirsdag	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Samling i stua ved Omsorgsleilighetene for hjemmeboende eldre kl 11.00.</b> Her serveres det vafler og kaffe, det er sang, fortellinger og høytlesning. Vi fyrer i Gapahuken fra etter påske til oktober, og der er det nytrukket bålcaffe 😊 Trenger du transport- kontakt Oddrun 99299381.</li><li>• <b>Kaffevennene kl 12</b> på sentralen samles alle som vil slå av en prat med kaffe og vafler.</li><li>• <b>Kvileplassen-</b> Eilev og Oddrun åpner dørene kl 17.00 for pårørende til de med demens 3 tirsdager i halvåret.</li></ul>
Onsdag	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Bok og Prat</b> på biblioteket første onsdag i måneden.</li><li>• <b>Hørselslaget i Drangedal og Nissedal</b> kommer tredje onsdag i måneden og har audiometri, service og bytter batteri.</li><li>• Ellers har vi av og til pop-up aktiviteter som Quiz etc.</li></ul>
Torsdag	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Middag rundt bordet</b> kl 13.30 stort sett hver torsdag utenom sommeren. Det er veldig godt og koselig å sitte sammen og nyte mat, og gode samtaler kommer fram.</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Tur i Grendene</b> har vi fra påske og til september. (hent gjerne utskrift av turene på sentralen eller følg med på Facebook)</li> </ul>
Fredag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Hobbyhjørnet</b> kl 11. Her gjør vi mye forskjellig innenfor kreativt håndarbeid. Eks nålefilting, modellering, maling etc. Ta turen innom, kanskje det er noe for deg?</li> </ul>
Lørdag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lørdagsåpent i ferier og ved anledning.</li> </ul>

UtlånsBUA vår er for ALLE, vi har masse fritidsutstyr og sportsutstyr. Her kan du låne det du trenger, så bare stikk innom.

Til sist vil jeg fram snakke BruktBUA, altså gjenbruksbutikken vår og det den bringer med seg. Takket være lokalbefolkning, hyttefolk og nabokommuner som leverer til oss og handler hos oss, klarer vi å drifte sentralen, som igjen betyr aktiviteter og møter mellom mennesker. Tusen takk- dere er ALLE med på å holde oss i gang.

Telefon Renate

**99636626**

Telefon Frivilligsentralen **45837451** for påmelding til middag, utlånsentralen. IKKE SMS.

Hvis du lurer på noe stikk bare innom for en prat ☺



Lag deg en god dag. Klem fra Renate ☺

## Tårnagenthelg

Tårnagentar frå heile kommunen samla i Nissedal kyrkje. Det var spennande å kome opp i klokketårnet i kyrkja.





---

## FRÅ KYRKJEKONTORET

---

### Gje gåve på giro/konto: 2714.10.15589

Merk kva de støttar.

### Gje di gåve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet



### Fast gjevarteneste i Nissedal kyrkjelyd

Kyrkjelydens arbeid; arrangement i soknerådets regi, diakoniarbeid og trusopplæring er avhengig av dei pengane ein får inn gjennom offer i gudstenestene.

Når Nissedal sokneråd ser framover i tid, er det spesielt to utfordringar ein ynskjer meire støtte til:

1. Konfirmantarbeidet «Ønsket og elsket» og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Dette er ein del av trusopplæringsplanen. Her får vi statleg støtte, men det er ikkje nok om ein ynskjer å styrke ungdomsarbeidet.
2. Kyrkjelydens diakoniprojektet i Mali. Det er egne ofringar i gudstenestene til dette arbeidet. Vi har fått inn 26-27.000 kr kvart år dei to siste åra. Men målet vårt har vore og i alle fall passere 40.000 kr til prosjektet i året.

Kyrkjekontoret, Treungvegen 398, 3855 Treungen, er de i gang med gjevartenesta.

De må tenke gjennom om støtta dykkar skal gå til eitt av formåla, eller om pengane skal delast mellom dei to formåla.

Ved spørsmål kontakt kyrkjekontoret tlf 35048443

Velkomen som fast gjevvar til Nissedal kyrkjelyd

### Dugnad på kyrkjegardane frå kl. 17.00

Treungen 3. mai

Felle 4. mai

Nissedal 10. mai



Teikna av Heine Skårdal Hagen



---

# BLI KJENT MED SALMEBOKA

---

## Påskesalme

Me er nå inne i fastetida. I søndagane fram mot påske skal me gå saman med Jesus mot lidingsvegen. Ei salme som blir mykje brukt i fastetida, og som leier fram mot påske er «Se vi går opp til Jerusalem» (nr 117)

1. Se, vi går opp til Jerusalem,  
i hellige fastetider.  
og ser hvordan Jesus, Guds egen Sønn,  
i stedet for syndere lider.

2. Se, vi går opp til Jerusalem.  
Hvem deler vår Herrens smerte?  
Hvem våker med Jesus i verdens natt  
og bærer hans sorg i sitt hjerte?

3. Se, vi går opp til Jerusalem,  
til Frelserens kors og pine,  
til lammet som ofres for verdens skyld,  
for syndene dine og mine.

4. Se, vi går opp til Jerusalem,  
til byen med glans og ære,  
for Frelseren sa oss at der han er,  
skal vi ved hans nåde få være.

T: Paul Nilsson 1898, 1906 O: Eyvind Skeie 1980 M: Hos Anders Arrebo 1627/ Koralpsalmboken 1697

Fyrste versjonen av salma blei publisert i Paul Nilssons «Återljød frå Tämplet» med 14 strofer. Etter det har ho blitt omarbeida og forkorta til fire strofer. I 1937 kom den med i Svenska Psalmbok i avsnittet *Passionstiden*. Hos oss kom den i S-73 i svensk versjon, og deretter i Norsk Salmebok etter at Eyvind Skeie omsette den til norsk.

I utgangspunktet er salma tenkt for fastelavnssøndag, men ho blir bruka vel så ofte på søndagene i fastetida (med unntak av Maria bodskapsdag) som inngangssalme. Det er ei veldig utprega liturgisk salme med sin «vi»-form og eintydige tekstbestemmelse for kyrkjeåret. Den er og ein innbyding til gå saman med Jesus på lidingsvegen. Opningslinja, som går att i alle versa, er et sitat frå Matteus 20,18. Her blir alle med som deltakarar i frelsesdramaet som utspelar seg i påskehøgtida. Og sidan Jerusalem ligg høgt over havet må ein faktisk dra *opp* for å komme dit,

Salmen er bygd opp som ei reise med fire stasjonar.

Strofe 1: *Oppbrot* ; Strofe 2: *Getsemane*; Strofe 3: *Golgata* ; Strofe 4: *det nye Jerusalem*

I 1-3 strofe ligg Jerusalem som skodeplass for Jesus og det som skal skje. I strofe 4 går ein over frå det jordiske Jerusalem til himmelske Jerusalem, noko som kjem tydeleg fram i den svenske originalteksten «staden den evigt klara». Linja «hvem våker med Jesus i verdens natt» i strofe 2 har parallellar til Svein Ellingens salme «Noen må våke i verdens natt».

Siste del av strofe fire peikar mot Johannes 14,3 og 17,24.

Melodien finn me første gongen i Arrebos psalter i 1627. Det er ein tredelt rytme som skriv seg frå svensk tradisjon. Komponist er ukjent.



Kantor Maria Skjæveland

## **NISSEDAL SOKN VEST TELEMAR**

### **Sokneprest**

**Knut Bjørn Skyttemyr**

Kyrjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Elles treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

### **Kyrkjeverje Bente Meyer**

Kyrjekontoret:

Tys., - torsdag kl. 9 -13,

elles treffetid etter avtale

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 48 92 24 37

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

### **Leiar i soknerådet:**

Anita Haugstad Haugsjø

### **Nestleiar i soknerådet:**

Astrid Eidem Nordal

### **Kyrkjetenar:**

**Anne Marie H. Larsson**

### **Kantor:**

**Maria Skjæveland**

Mobil.: 94 06 02 69

### **Klokkar i Treungen kyrkje:**

**Reidun Lauvdal**

### **Prostdiakon Eilev Erikstein**

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

## **KIRKENS SOS**

**TLF: 22 40 00 40**

## **Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn**

### **Nissedal kyrkje**

Dåp:

18.12.

Sander Hartvik Fjeldstad

Foreldre: Aleksander Fjeldstad og Maria Fjeldstad

Gravferd:

16.11.

Kjetil Hølje Fjalestad f.: 1962 d.: 10.11.2022

30.12.

Kari Lauvland f.: 1926 d.: 19.12.2022

14.3.

Gudrun Noraberg f.: 1924 d.: 5.3.2023

22.3.

Ragnhild W. Pettersen f.: 1931 d.: 10.3.2023



### **Treungen kyrkje**

Dåp:

04.12.

Angela Krامل Fredriksen

Foreldre: Hans Fredrik Fredriksen og Elisabeth

Angela Krامل

04.12.

Sigrid Lund

Foreldre: Lars Lund og Agnes Klodvik Østerholt

Gravferd:

04.01.

Egil Tormod Jenssen f.: 1936 d.: 24.12.2022

### **Felle kapell**

Dåp:

1.10.

Emilie Høivold Felle

Foreldre: Jan Roger Felle og Lene Høivold Johnsen

## **KYKJELYDSBLAD**

for Nissedal sokn. Utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal, Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:Kyrjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekmed takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

---

## EI TALE FOR DEN SOM SER

---

### Levande vatn

Det var ein tørr sommar i fjor. Nisser blei tappa, og det kom lite regn til å fylle opp att. Me blir aldri vasslause her i bygda, men det er ikkje så fint å sjå på dei lange, tørre strendene. Naturen er ordna så fint. Det regner, sola skin og det dampar opp, før neste regnskur væter jorda igjen. Men av og til går kretsløpet i surr, og det blir for mykje eller for lite av dei våte, livgevande dropane. Alt som lever, må ha vatn.

Jesus møtte ein gong ei kvinne ved ein brønn, og dei kom til å snakke om vatnet i brønnen. Jesus sa: *«Den som drikk av dette vatnet, blir tørst att. Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv.»* (Joh.4.13-14.)

«Nå treng eg påfyll», kan ein høyre folk seie. Då er det ikkje alltid vatn dei er ute etter. Me menneske kan trenge påfyll av så mangt; mat og drikke og svevn, ja, det må alle ha, men me treng meir for å leve gode liv. Me treng også «åndeleg påfyll». Det kan nok variere frå person til person kva ein synest er nødvendig for å vere tilfreds, men noko av dette vil vel alle gjerne ha ein bit av: Kunst, musikk, litteratur, hobbyverksemd, naturopplevingar, trening, reiser, fellesskap med andre- kort sagt noko å interessere seg for å fylle tankane og tida med, utover det å arbeide. Nokon snakkar om at det gjev «evige verdjar». Dette er med på å fylle opp, og gjere oss motstandsdyktige mot tørrare periodar.

Men det er så mykje, og så mange som gjerne vil ha merksemda vår. Meir nå enn nokon gong før, og det kan vere vanskeleg å velje og å setje grenser. Det er likevel slik at det er mitt ansvar kva eg vel å fylle opp med. «Det du senterer om, det gjev du kraft», er det sagt. Og det er ikkje til å kome forbi at nokre «tilbydarar» ikkje vil mitt beste. Noko byggjer opp, anna vil bryte ned. Då er det om å gjere at eg stiller meg under dei «god dropane» når eg treng påfyll, slik denne valmuen i ei bygate i Bergen har gjort. GBR-M.





Alle dei fine teikningane er det 4. klasse ved Tveit skule som har laga.



Teikna av Isak F. Homme



Teikna av Janne Ellinor Espebu



Teikna av Tarjei Trontveit Vik